

# Fråsegn alkoholpolitisk plan for Lindås kommune frå Bygdelaget 5915

Folket i bygda vår opplever vendinga saka om skjenking i Storstova vår har tatt, som eit tillitsbrot frå kommunen si side. I alle år frå hausten 2008 til Storstova stod ferdig i april 2017 har det vore sagt at Storstova skal nyttast til idrettslege, kulturelle og kyrkjelege føremål, og skal romma dei aktivitetane som dei eksisterande lagshusa er vorte for små til, slik som revy og haustfest og humørfestivalar. På folkemøta me har hatt, har det kvar gong vore sagt, og på desse møta har representantar frå administrasjonen og frå dei folkevalde i kommunen vore til stades.

Bygdelaget 5915 har samla bygda i ein felles dugnad, og skapt eit unik fellesskap i bygda. Skjenkeløyve har me tatt for gitt fordi det har dei to andre fleirbruksballane og avdi det står klart og tydeleg på kommunen sine nettsider. Difor kom nei til skjenkeløyve høgst overraskande på oss.

Denne teksten stod å lesa på Lindås kommune sine sider, heilt fram til ei klagesak på avslag på skjenkeløyve kom til kommunen i april 2017.

«Lindås kommune eig og driv to idrettshallar: Nordhordlandshallen, bygd i 2002 og Lindåshallen, bygd i 2012. Det pågår for tida bygging av ein mindre idrettshall ved Leiknes skule. Denne opnar våren 2017. Hallane er fleirbruksballar for idrett og kultur. På dagtid er hovudbruken kroppsøving for skulane. Hallane er også tilgjengelege for utleige til kommersielle aktørar. Det er mogleg å søkje arrangement med ambulerande skjenkeløyve i fleirbruksballane».

Denne forutsetinga har lagt til grunn for oss i vårt dugnadsarbeid for Storstova. Difor har det vore ei «ikkje-sak» i dugnaden, der bygdefolk har tatt for gitt at vår fleirbruksball har same status som dei to andre. At kommunen endrar speleregelane etter at Storstova står ferdig, er svært alvorleg for oss.

I framlegget til alkoholpolitisk plan vert dei tre fleirbruksballane omtala som kombinerte anlegg. Det er ei feil nemning. Storstova er ein fleirbruksball og ikkje eit kombinert anlegg, det vert ikkje ytt tippemidlar eller andre fylkeskommunale midlar til kombinerte anlegg, *berre til fleirbruksballar*.

Kombinerte anlegg slik dei har t.d. i Gulen, Brekke med Risneshallen og på skulen i Høyanger er også nytt til arrangement med ambulant skjenkeløyve, dette utan at det bryt med lov eller valdar problem for skulen, nabolaget eller andre.

Bygdelaget vil også påpeika at kommunen har sitert opplæringslova § 9-5 feil i framlegg til alkoholpolitisk plan.

Rett sitat er: «På grunnskolar og i kombinerte anlegg for skole og andre formål må det ikkje kunne serverast alkohol eller takast med alkohol til nyting under arrangement i offentleg som privat regi. I *kombinerte anlegg for skole og andre formål kan det i særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytt til kulturelle og sosiale føremål utanom skoletida.*»

Kommunen hevdar det motsette i sitt framlegg, og seier: «Skjenking i medhald av ambulerande eller allminneleg løyre kan ikkje skje i «kombinerte anlegg for skule og andre formål når desse vert nytt til kulturelle og sosiale formål utanom skoletida». (opplæringslova § 9-5)». Dette meiner me er ei villeiande tolking av fakta.

Det er to hovudpunkt Bygdelaget 5915 har til framlegget til alkoholpolitisk plan Og desse følgjer av grunnleggjande forvaltningsmesigge prinsipp. Likebehandling og forutsigbarhet.

- 1) Likebehandlingsprinsippet. Dei tre fleirbruksstallane Lindås kommune må behandlast likt, då dei er brukt likt. Difor kan ikkje Lindåshallen og Nordhordlandshallen få skjenkeløyve, men ikkje Storstova. Likebehandlingsprinsippet må også gjelda for dei komande fleirbruksstallane som kjem på Ostereidet og i Alversund.
- 2) Forutsigbarhet. Det skal vera råd å vite på førehand kva ein kan forvente seg av handlingar frå kommunen sin side. Når teksten på nettsida til kommunen har gjeve lovnad om skjenkeløyve og når dei andre hallane har hatt og fått, er det rimeleg å rett å forvente at desse reglane gjeld også for Storstova vår. Kommunen må vera til å stola på, og det må vera råd å vite kva me som innbyggjarar kan forventa oss.

Bygda vår har samla inn 1,7 millionar til Storstova. Dette er ikkje ei «gåve» til kommunen eller skulen, men det vart sett som vilkår frå kommunen for å få Storstova realisert. Mange har ytt midlar, og pengar er samla inn mange vis. Slik som sponsorar, basarar, og mykje dugnadsarbeid for å skaffa inntekter. I dag seier folk og sponsorar at «hadde me visst dette så hadde me ikkje gjeve vårt bidrag». Det står faktisk om omdømmet til kommunen. Er de til å stola på? Behandlar de like saker likt? Og kan me vera trygge på at de ikkje endrar kurs?

Næringslivet, koret, korpset, ungdomslaget og revyen har alle ønske om å bruka Storstova til jubileum, presentasjonar, korfestivalar, korpsfestivalar, humør- og revyfestivalar. Storstova er vårt kulturhus og vil bli nytta til å speglar det unike kultur- og lagstivet me har. Då må det vera råd å få søkja om skjenkeløyve der de er relevant.

Hjelmås 23. oktober 2017

Inger Helen Midtgård  
Leiar Bygdelaget 5915